

# Svenske vikingar på tøff ferd

«Segel och årar - ingen motor - 1.200 distanseminuter i öppen båt».

Slik presenterer dei seg, svenskane som for tida er på tøff ferd langs kysten med ein open Åfjordsfæring. I helga var dei innom Sandsøya og Stadlandet. Men dei tok ikkje sjansen på å segle rundt Stad, og drog i staden båten over Dragseidet, ein eldgammal tradisjon.

Ferda starta 7. juni i Trøndelag og vil vonaleg ende opp i Stockholm ein gong i august.

## Herskapleg mottaking

Vestlandsnytt møtte laurdag svenskane som låg ved gjestebrygga til Rosenlund frå fredag til laurdag. Dei tre fekk seg ein skikkeleg «herskapleg» frokost i den staselege Låna-hagen like ved hamna, der vertskapet, Gunhild Anfinnsen og Ove Myklebust, tok imot på varmt vis.

- Det er ei heilt super mottaking her på Sandsøya. Dette er glimrande, sa hovedsmann og ekspedisjonsleiar Rasmus Erlandsson i solsteiken.

## Over Dragseidet

Saman med Gunnel Ehrlich og Lars Ehrenberg var dei spente på neste etappe, men Ove, som er seglar og sjøvand, ordna trygg transport rundt Stad. Han kom nemleg i kontakt med Norvald Bjørlykke og Runar Leikanger på Leikong (Stadt), som ordna med hengar til båten. Dei tre brukte laurdag ettermiddag og kveld på å kome seg over til andre sida, der ferda kunne halde fram.

Hovedsmann Erlandsson er ein røynd seglar og kan i tillegg båtbyggjarkunsten etter utdanning med Fosen folkehøgskule.

- Vi har hatt ein fin seglas med gunstige forhold for å segle ein slik liten båt. Det gjekk raskt over Hustadvika. Ingen problem i det heile teke, fortel Erlandsson.

Han har stor tru på den vesle båten som i tillegg til råsegler er utstyrt med to årepar. Men dei har ingen «naudmotor» eller anna som kan hjelpe på framdrifta.

- Vi har store mengder kart om bord, pluss at alle som er med, er vande med sjølivet. Vi set tryggleiken i fokus, seier Erlandsson, og ber om å bli trudd trass i at farkosten på seks meter unekteleg ser ut til å kunne bli eit lett bytte for storebåra.

- Vi kosar oss under seglasen og prøvar å halde humøret oppe mellom anna gjennom å syng ein god del, sa dei tre under dei



\* Nydeleg avbrekk i Låna-hagen på Sandshamn for friskusane som seglar med Åfjordsfæring. F.v. Martin Myklebust, Lars Ehrenberg, Ove Myklebust, Gunhild Anfinnsen med Gyda, hovedsmann Rasmus Erlandsson og Gunnel Ehrlich.

blafrande blada på trea i Låna-hagen.

Namnet på båten er Karsk, men det har ingenting å gjøre med den trønderske drykken å

gjøre.

- Nei, nei, vi ville aldri ha kombinert alkohol og segling. Karsk tyder modig og djerv og det meiner vi faktisk vi er gjen-

nom å realisere denne turen, seier ungdomane. Folk kan elles fylge med på websida www.karsk.se om dei vil sjå korleis ferda utviklar seg nedover nor-

skekysten og vidare langs sveneskysten rundt Skåne.

## Folk er nyfikne

Ungdomane fortel at folk dei møter langs kysten er «otroligt interesserade», både i ferda og båten. Folk er hjelsame på alle vis. Og Åfjordsfæringen verkar å fylle rolla som «ice breaker» dei fleste stadar...

PS: Oppå Dragseidet var det elles eit pussig samantreff. Trioen fra «Karsk» møtte nemleg ein gjeng frå Nordfjord Folkehøgskule på Sandane, som også er ute på ekspedisjon. Dei hadde igjen å gå siste kilometerane på ei reise som strekte seg frå Sverige i aust til Vestkapp i vest, altså Norge på tvers. Det vart eit interessant møte mellom ungdomar på ulike turar med ulike framkomstmiddlar.



\* - Vi går godt saman og tek heller ein song viss det er noko vi er usamde om, seier treklovet som gjesta Rosenlund-bryggene i helga.



\* Ingen motorkraft - heller ikke over Dragseidet! Her er gjengen på veg opp til toppen. (Foto: Norvald Bjørlykke)